



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4769 - 22/67079

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2022

Oversender søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 196/1 Midtgård

Tiltak: Dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan
Byggjestad: Gbnr 196/1
Tiltakshavar: Einar Midtgård


Saka gjeld søknad om arealoverføring av inntil 499 m² frå gbnr 196/1 til gbnr 196/106. På arealet står det garasje tilhøyrande bnr.106. Garasjen vart lovleg oppført i 1992.

Gbnr 196/1 er registrert med eit areal på 190 da i matrikkelen. Gbnr 196/106 er registrert med eit areal på 1754.7 m² og er bygd med bustadhus.

Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindås. Gbnr 196/106 har status som LNF- spreidd bustad.


Kart



Frå situasjonsplanen



Ortofoto 2019



Gardskart

VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformålet i kommunedelplanen. Søknaden er grunngjeven med at garasjen er sett opp lovleg og tilhøyrrer bnr.106. Søknaden gjeld formalisering av etablerte eigartilhøve.

Arealet som er søkt overført er noko større enn det som garasjen står på. Men ut frå kart og ortofoto ser ein at det er bygd parkering/ snuplass på delar av arealet. Arealet er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.

Eigar av naboeigedomen gbnr 196/2 er ikkje nabovarsla. Det vert sendt ut brev til søkjar om dette parallelt med at saka vert sendt til uttale.

Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådeling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppdatert informasjon til søknad - gbnr 196/1 og 196/106 Midtgård
Søknad om dispensasjon
Situasjonskart

Kopi til:

Kopi til:

Einar Midtgård
Matias Midtgård Haaland

Hodnesdalsvegen 124
Kleivdalsvegen 56

5915
5915

HJELMÅS
Hjelmås

Mottakarar:

Landbruk
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 4
Njøsavegen 2

5906
6863

FREKHAUG
LEIKANGER